

MØTEPROTOKOLL

Utval: Vik kyrkjelege fellesråd

Møtestad: Vik kommunehus, møterommet Vikja

Møtedato: 18.03.2026

Start kl 09.00-11.00

Til stades: Brita Sissel Turvoll, Solrun Skogheim, Nann Ingun Simlenes, Silje Grønningsæter, Roy Egil Stadheim, Kjell Olav H. Nordheim

Fråvær: Endre Nese

INNKALLING TIL MØTE I VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD

TID: 18. mars 2026 kl. 09.00

STAD: Møterommet Vikja på kommunehuset i Vik

Sak 06/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen merknad til innkalling og sakliste

Sak 07/26 Godkjenning av referat frå møtet 04.02.2026

Referat frå møtet er godkjent

Sak 08/26 Orienteringssaker

- **Ordførar si rolle i fellesrådet**

Kommunen vel representant inn som medlem i fellesrådet. I Vik har det vore tradisjon at ordførar er medlem. Fellesrådet ser det som stor fordel at ordførar (alternativt eit medlem i formannskapet) er medlem. Vi drøfta dobbeltrolla ved økonomisaker, der ordførar t.d. først er med å vedtek budsjett og deretter skal gjera vedtak om tilskot til fellesrådet i kommunestyret. Vi var samde om at det kan vera ei god løysing at ordførar ikkje er med på handsaming og vedtak av økonomisaker, og at dette er noko vi vurderer fortløpande i framtidige møter i fellesrådet.

- **Utlysing av 50% stilling som kyrkjelydarbeider:**

Stillinga vert lyst ut før påske med frist 12. april. Utlysningstekste vert revidert i samsvar med innspel om å korte ned på arbeidsoppgåver og få inn ei formulering om at omfang av arbeidsoppgåver vert fastsett saman med den som vert tilsett.

- **Prosjekt kyrkjetak:**

Vi startar opp prosjektering av taket i Vik kyrkje med oppstartsmøte med Bech Arkitekter på 23.mars. Målet er å få laga tilbodskonkurransen og få inn prisar hausten 2026.

Vangsnes kyrkje: Vi har fått førebels melding frå Kirkebevaringsfondet om vedtak om tildeling av tilsagn for 2027 på inntil 1 200 000kr. Vedtaksbrev med vilkår vil verta sendt til oss så fort det er klart.

- **Sogn Brann og Redning: branntilsyn 21.01.2026:**

Vi har fått tilsynsrapport som viser til avvik: «eigar og brukar kan ikkje dokumentere at eigar og brukar sine plikter etter forskrift om brannforebygging er oppfylt». Vi har sendt svar attende med plan for korleis vi skal jobbe med dette vidare framover i år. Vi må kjøpe inn 22 nye pulverapparat og 5 skumapparat, i tillegg skal vi reviderer brannbok for Vik kyrkje først som mal, og deretter vert det gjort tilsvarande for kyrkjene i Fresvik, Feios, Vangsnes og Arnafjord.

- **Ymse om HMT:**

Nils Kvamme er valt som verneombod og går no på pålagt HMT-Kurs for verneombod. Prosten har teke initiativ til vernerunde med verneombod for prestane, kyrkjeverje og verneombod i Vik den 14. april. Turid Brekke har vore på KA sitt «grunnkurs for nye kyrkjeverjer» og fått avklart at fellesrådet bør få på plass ein HMT-plan/internkontrollsystem. Dette vert jobba med no framover og vi satsar på handsaming i fellesrådet i komande møte, 10. juni.

Sak 09/26 Årsmelding og årsrekneskap Vik kyrkjelege fellesråd 2025

Samrøysta vedtak.

Vik kyrkjelege fellesråd vedtek årsmelding og årsrekneskap slik det ligg føre.

Årsrekneskapen for drift viser eit mindreforbruk. Unytta driftsmidlar ver sett av på fond og skal nyttast i drifta i 2026.

Årsrekneskapen for investeringar går i balanse ved at ein finansierer prosjektering av kyrkjetak ved å nytta midlar avsett på bunde fond, samtidig som ein på prosjektet «ein inngang for alle» har eit mindreforbruk som vert avsett til bunde fond.

Vedlegg:

- Vedteken årsmelding 2025
- Vedteke Rekneskap med notar for 2025